



Naturvernforbundet Nordhordland
v/Jan Nordø
Hoplandsjøen 74
5943 Austrheim

7. november 2010

Austrheim kommune
5943 Austrheim

Uttale til planprogram for klima og energi

Endringar i klima- og energipolitikken er vår tids største miljømessige utfordring. I så måte er det positivt at kommunane vert utfordra på konkret handling, også Austrheim.

Det er viktig at planen ikke blir eit skrivebordsprodukt som hamnar i rådmannen sin skuff, men resulterer i heilt konkrete tiltak med tydelege fristar, t.d. til fjernvarme, sykkel- og gangstiar, pant på oljekaminar, kommunale el-bilar, energikrav til bustader osv..

Naturvernforbundet Nordhordland meiner kommunen særleg må arbeida med energibruken (frå olje til fornybart og enøk), infrastruktur og transport (miljøvenleg busetnadsmønster) og haldningar (kvifor er det så få som sykklar og går når avstandane er så små?).

Fjernvarme i Mongstadområdet er eit svært positivt tiltak, men Naturvernforbundet vil be Austrheim kommune om å utfordra Statoil også på andre område. Dei store CO₂-utsleppa utan reinsing frå raffineriet, er ingen god klimapolitikk korkje for Statoil, Austrheim eller Lindås.

Med helsing

Jan Nordø
Leiar